

Etne, 08/03/2024

Til styret i Skakke SA,

Eg skriv dette brevet for å fremme eit forslag til vedtak til årsmøtet. Årsmøtet blei kalla inn med bakgrunn i §42-2 i Samvirke-lova der medlemmer som representerer minst ein tidel av medlemstalet, kan krevje at det blir kalla inn til eit ekstraordinært årsmøte.

Vidare presiserer innkallinga saksbehandlingsprosessen og innhaldet til saka som skal diskuterast på årsmøtet:

Dette emnet omfattar ein detaljert gjennomgang av dei ulike innspela som alle eigarane må presentere innan 2-3 veker til styret for deira gjennomgang. Vi ynskjer å diskutere fordelane og ulempene ved kvart innspel. Målet med diskusjonen er å identifisere den mest berekraftige og effektive løysinga for å sikre vidare drift. Styret skal samle innspel og presentere ei oppsummering til årsmøtet.

Målet er å sikre vidare drift, og med ein anstrengt likviditet, er det veldig viktig at årsmøtet klarer å vedta ein strategi som sikrar vidare drift for heile bygget, da etter juni blir det ikkje mogleg å dekke alle økonomiske forpliktingar til selskapet.

Kommunedirektøren har tidlegare presentert fleire alternativ for politisk behandling, og vedtaket i kommunestyret lyder som følgjer:

Etne kommune representert med ei gruppe bestående av kommunedirektør, ordførar, varaordførar, gruppeleiar i FRP, og andre som er føremålstenleg å ha med, går i dialog med dei andre eigarane i selskapet med føremål å finna ei langsiktig løysing for å sikra ei forsvarleg drift av Skakkesenteret. Løysinga må på realistisk vis syna at Skakke SA kan betena dei økonomiske forpliktelsane knytt til drifta, inklusiv betening av gjeld. Drifta må og omfatta det overordna samfunnsansvaret Skakkesenteret som kulturinstitusjon har til lokalsamfunnet, leigetakarar, eigarar.

Etne kommunestyre føreset at løysinga gjennom vedtektsendringar skal ivareta at Etne kommune som den største eigar og leigetakar får monaleg større innverknad på drifta enn i dag, medrekna fleirtalet av representantar i styret. Gruppa må i samråd med dei andre eigarane koma fram til ei sak som ei langsiktig løysing til kommunestyremøtet i April.

Eigarane må få ta stilling til løysinga i ekstraordinær generalforsamling i forkant av kommunestyret.

Gruppa har hatt fleire møter og 15. februar hadde eigarane eit eigarmøte. Dei største eigarane (Etne kommune, UL Fram, Bondelaget og Idrettslaget) har òg hatt eit møte for å diskutere alternativa i detalj. Bestillinga til Etne kommune frå dei andre store eigarane lyder som følgjer:



Konklusjon av møtet blei at eigarar utanom EK vil samsnakkast. Eigarlaga vil og diskutera løysingar i sine respektive styrer.

EK blei beden om å gjere ei grov utgreiing på:

- Simulere eit drifts nivå*
- Korleis ei evt avvikling av dagen selskap blir, kan verksemdsoverdraging vera aktuelt*
- Dei juridiske sidene av eit driftsselskap etter alt 4*
- Skisse for avtalar med lag og organisasjonar som skal bruka senteret i framtida*

Etne kommune har ikkje fått fleire henvendingar eller bestillingar, og kjem derfor med dette dokumentet til å svare på bestillinga og oppsummere alle alternativa før vi fremjar eit forslag til årsmøtet.

-Utgreiing

- Simulere eit drifts nivå*
- Under alternativ 4*

-Korleis ei evt avvikling av dagen selskap blir, kan verksemdsoverdraging vera aktuelt
Det kan vere aktuelt viss eigarane etablerer eit nytt selskap.

-Dei juridiske sidene av eit driftsselskap etter alt 4
Det er to alternativ til dette. Om selskapet klarer seg utan tilskot, vil då kommunen ikkje trenge å gå ut på anbod og kan lett lage ein leigekontrakt med det nye selskapet.

Om selskapet ikkje klarer seg utan tilskot, vil kommunen gå ut på anbod. Her kan andre aktørar potensielt kome inn, men utgangspunktet for kommunen er å ha ein leigetakar som ikkje tar ut utbytte. Då kan lag og organisasjonar stille sterkt med eit ideelt AS, ein foreining, eller eit nytt SA.

Dette vil uansett krevje ein avtale mellom det nye selskapet og kommunen som vil sikre gode vilkår for drift.

-Skisse for avtalar med lag og organisasjonar som skal bruka senteret i framtida.
Her kan vi lett vidareføre dei same avtalane som lag og organisasjonar har per i dag.

-Alternativ 1

Dette alternativet peikar på ei auke i overføring til Skakke SA frå kommunen. Samstundes, etter vedtak i kommunestyret, vil eit slikt alternativ i praksis bety at eigarane sine interesser vil bli ivaretatt i eit representantskap, medan Etne kommune vil sikre seg fleirtal i styret.

-Alternativ 2

Eit anna alternativ for Etne kommune er å kjøpe delar av Skakke-bygget, ved å betale ned deler av gjelda. Modellen som var presentert er basert på dokumentasjon frå Etne kommune som viser at delen av lånet som gjeld idrettshallen, er sett til 12,5 millionar. Dette inneber at lånet blir omtrent splitta i to mellom Etne kommune og Skakke SA.

Om Etne kommune hadde tatt et utgangspunkt på et høgare pris (for eks. 2/3 del av heile lånet), modellen vil kunne sjå sånt ut:

Alternativ 2 - oppdatert	
Inntekter	
Sum leigeavtalar	2 341 250
Sum vidarefakturering av straum	100 000
Sum sponsor og gåve	1 367 000
Sum arrangement og kiosk/kafe	3 400 000
Kinobilletter og kinokiosk	1 363 333
Sum inntekter sameige	350 000
Minus leigavtaler - EK	-1 400 000
Minus leigavtaler - EIL	-650 000
Sum inntekter	6 871 583
Utgifter	
Varekostnader	3 008 110
Sum lønnskostnad	3 323 811
Sum andre driftskostnader	1 450 000
Sum utgifter	7 781 921
EBITDA	-910 338
Avskrivningar	275 000
Netto finanspostar	500 000
Årsresultat før skatt	-1 685 338

Dette alternativet viser framleis eit underskot og vil uansett krevje ei omstrukturering av Skakke SA på eigarsida.

Alternativ 3

Et alternativ som Etne kommune står overfor, er å ikkje gripe inn i drifta av Skakke SA. Konsekvensane av dette alternativet blir uansett reelle om årsmøtet ikkje klarer å lande ein løysing.

Alternativ 4

Eit anna alternativ for Etne kommune er å overta bygget etter sal av siste seksjon Skakke SA eiga. I praksis dette betyr at Etne kommune må finne ein alternativ modell for drifta av Skakke SA, som vil garantere å oppretthalde same tilbod som i dag.

En revidert modell av driftsnivå kan sjå sånt ut:

Nye skakke AS/SA/Forening	
Inntekter	
Sponsorinntekter	700 000
Venner av Skakke	200 000
Arrangement, kiosk og kafesal	3 400 000
Kinobilletter og kinokiosk	1 360 000
Driftstilskot kino	100 000
Leigeinntekter idrettshallen	500 000
Kommunalt tilskot	0
Kraftkontrakten	100 000
Leigeinntekter - øvrig	130 000
Sum inntekter	6 260 000
Utgifter	
Leigeutgifter - Etne kommune	200 000
Artisthonorar	550 000
Varekostnader	1 500 000
Kino kostnader (Film leige)	350 000
Driftsavtalar, utstyr, leige, osv.	580 000
Reklamekostander	65 000
Forsikringar	50 000
Bank, revisor, regnskapsfører	150 000
Styrehonorar	100 000
Sum utgifter (uten lønn)	3 545 000
Driftsresultat nye Skakke AS/SA/Forening (før lønn)	2 715 000
Lønnskostander	0
Sosiale avgifter	0
Sum lønn	0
Resultat	2 715 000

Modellen viser korleis drifta av «Nye Skakke» kan sjå ut. Modellen viser resultat utan tilskot og utan lønnskostnader, sidan korleis dette organiserast må vere opp til det nye selskapet. Det er uansett lett å simulere ulike driftsnivå.

Føresetnaden for denne modellen er at Etne kommune eig heile Skakkesenteret, medan drift av alle aktivitetar er leigd ut til eit nytt selskap som skal drive alle aktivitetar, men ikkje drift og vedlikehald av bygget.

Eit slikt selskap vil primært drive med kino, kulturarrangement og vil òg kunne vidareutleige alle areal til Skakkesenteret (iht. til leigeavtalen med kommunen). Det vil seie i praksis at det nye selskapet kan fungere veldig likt som dagens Skakke SA, med å søke sponsorar, gåver og tilskot som vil i praksis gå tilbake til aktivitetar i staden for å dekkje vedlikehald og driftskostnader.

Oppsummering

Etne kommune føreslår til årsmøtet å selje seksjonen til kommunen, samt samle alle eigarane i eit nytt selskap som kan oppretthalde dagens aktivitet, bruk og leigeforhold til Skakke.

Prioriteringa for Etne kommune er uansett å garantere vidare drift og same tilbodet som vi har i dag. Etne kommune ønskjer uansett å vurdere og diskutere alle moglege alternativ som kjem til å bli presenterte til årsmøtet.

Mvh



Filippo Ballarin
kommunedirektør